



**BREMANGER KOMMUNE**  
Sakspapir

<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Behandlingsdato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Sakshands.</b>
Formannskapet	26.02.2015	014/15	IH
Kommunestyret	12.03.2015	008/15	IH

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksansv.:</b> Inger Hilde	<b>Arkiv:</b> K1-143	<b>Arkivsaknr.:</b> 10/555
---	-------------------------	-------------------------------

**Kommunedelplan Botnane 2010-2022, vedtak av byggjeområde F5\_f, etter Fylkesmannen si trekkjing av motsegn**

**Dokumentliste:**

<b>Nr.</b>	<b>T.</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
5	U	06.04.2010	adresseliste	Offentleg ettersyn av kommunedelplan for arealbruk i Botnane 2010 - 2022
6	U	06.04.2010	adresseliste	Oversending av kommunedelplan for Botnane til offentlig ettersyn
3	U	06.04.2010	annonse@firdaposten.no	Utlysing i torsdagsavisa
4	U	06.04.2010	post@bremanger.kommune.no	Utlysing på heimesida
7	I	23.04.2010	Midtgulen sokneråd	Vedkomande kommunedelplan for Botnane
8	I	26.04.2010	Fiskeridirektoratet region Vest	Kommunedelplan for Botnane 2010-2022 - uttale
9	I	28.04.2010	Ståle Sørbotten	merknader til kommunedelplan for Botnane
18	I	10.05.2010	Trygve Andersen	Kommunedelplan, arealbruk, Botnane
10	I	12.05.2010	NVE	Fråsegn til offentlig ettersyn - Kommunedelplan Botnane 2010-2022
17	I	13.05.2010	Audun Sande	Innspel til kommuneplan for Botnane
11	I	14.05.2010	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	VS: vedlegg til Fylkesmannen si fråsegn til kommunedelplan for Botnane
12	I	14.05.2010	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunedelplan for Botnane Bremanger kommune.pdf
19	I	14.05.2010	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Bremanger kommune - fråsegn til føreslegen kommunedelplan for Botnane 2010 - 2022
16	I	14.05.2010	Ingrid Bruflot	Innspill til kommuneplan for Botnane
13	I	15.05.2010	Atle Nordbotten	Kommunedelplan for Botnane - Merknad frå Atle Norbotten
14	I	16.05.2010	Torbjørn Øvrebotten	Merknad kommunedelplan Botnane
27	I	16.05.2010	Rune Norbotten	Innspel til kommunedelplan Botnane
15	I	17.05.2010	Bjørn Kleiven	Klage på kommunedelplan for

20	I	18.05.2010	Geir Bratheim	Botnane v/ Inger Hilde
21	I	18.05.2010	Ann-Sissel Nordbotten	Kommunedelplan Botnane - merknad
23	I	18.05.2010	Geir Bratheim	Kommuneplanen for Botnane
24	I	18.05.2010	Åge Sørbotten	Merknad til kommunedelplan for Botnane 2010-2022
22	I	18.05.2010	Statens Vegvesen	Vedrørende arealplan Botnane. Bremanger kommune - kommunedelplan for Botnane 2010-2022, offentlig ettersyn
26	I	20.05.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Bremanger - offentlig ettersyn av kommunedelplan for Botnane 2010 - 2020
25	I	21.05.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Bremanger - Offentleg ettersyn av kommunedelplan for Botnane 2010 - 2022
29	I	26.05.2010	Kjetil Nesthus	Høyringsfråsegn kommunedelplan Botnane
28	I	27.05.2010	Otto Ullevålseter	Fw: Kommunedelplan for Botnane - høyringsfråsegn
60	I	08.09.2010	Tanaquil Enzensberger	Rapport etter feltundersøking, Nordbotten, naturbeitemark, Enzensberger, desember 2010
30	I	09.02.2011	Björg Kleiven og Cato Sønnervik	Innspel til arealplan for Botnane
31	I	13.02.2011	Ingrid Bruflot	Kart
32	I	20.02.2011	Ingrid Bruflot	Søknad om gjenoppbygging av vorr
33	I	17.03.2011	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Bremanger kommune - tillegg til fråsegn til kommunedelplan for Botnane etter gjennomført feltundersøking av naturbeitemark ved Nordbotnen
35	U	08.06.2011	Styret i Botnane og Årebrot grendalag	Framdrift kommunedelplan Botnane, handsaming av innkomne merknader etter ettersyn og feltundersøking av naturbeitemark
36	I	30.08.2011	Martha Myklebust	Merknader kommunedelplan Botnane - Korsnesvika
37	U	31.08.2011	ottou@frisurf.no,; run-norb@online.no,; kj-nest@online.no,	Botnaneplanen
61	I	08.09.2011	Nordplan AS	Kommunedelplan Botnane, planframlegg ved 2. høyring
62	I	08.09.2011	Nordplan AS	Kommunedelplan Botnane med konsekvensutreiing, høyringsdokument ved 1. høyring
39	I	13.09.2011	xeox@bremanger.kommune.no,	kartvedlegg til FSK-sak den 20.09.11
40	U	28.06.2012	adresseliste	Kommunedelplan Botnane, 2. gongs ettersyn
42	I	13.07.2012	Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Kommunedelplan for Botnane, 2. gong ettersyn
43	I	31.07.2012	Norges vassdrags - og energidirektorat	Motsegn til kommunedelplan for Botnane
44	I	24.08.2012	Fiskeridirektoratet Region Vest	Bremanger kommune Sogn og Fjordane - 2 gongs offentlig ettersyn av kommunedelplan for Botnane

46	I	27.08.2012	Knut Øvrebotten	2010-2022 - uttale Fwd: Merknad til kommunedelplan for Botnane 2010-2022
45	I	27.08.2012	Ståle Sørbotten	Merknad Kommunedelplan Botnane
49	I	28.08.2012	Audun Sande	Kommuneplan Botnane, 2 gongs ettersyn.
48	I	28.08.2012	john magne sande	Innspel til komunedelplan for Botnane
47	I	28.08.2012	Nina Seljestokken	merknad til kommunedelplan for Botnane
50	I	29.08.2012	Rune Norbotten	Innspel til kommunedelplan
51	I	30.08.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Bremanger kommune - fråsegn til føreslegen kommunedelplan for Botnane, 2. gongs offentleg ettersyn
52	I	13.09.2012	Statens vegvesen	Bremanger kommune - uttale til 2. gangs offentleg ettersyn av kommunedelplan for Botnane
53	I	28.03.2014	Fylkesmannen	Brev frå Miljøvernavinga hjå Fylkesmannen: Vedkjem motsegn i kommunedelplan for Rugsund-Leirgulen og kommunedelplan for Botnane
58	I	31.05.2014	Nordplan As	Godkjend kommunedelplan for Botnane
57	U	16.06.2014	Adresseliste	Kunngjering om vedteken kommunedelplan
55	U	05.09.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Oversending av motsegnssak, byggjeområde F5_f, kommunedelplan Botnane
59	N	08.09.2014	Plan og IKT v/ Inger Hilde	Godkjent planprogram - Botnane
63	I	19.09.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Bremanger kommune - invitasjon til mekling som gjeld hyttefelt i kommunedelplan Botnane
64	U	01.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tilbod om mekling i høve motsegnssak Botnane
65	I	09.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Bremanger kommune - Fråfall av motsegn mot byggjeområde F5-f i kommunedelplan for Botnane
66	I	03.11.2014	Nordplan AS	Godkjent plandokument, kommunedelplan Botnane, planid 1438.2012.12 - Plankart og planomtale inkl. føresegner
67	U	05.12.2014	Adresseliste	Orientering om vedteke planområde, del av kommunedelplan for Botnane, byggjeområde F5_f

**Vedlegg :**

Dok.nr  
98568

Tittel på vedlegg  
Føresegner Botnane, reviderte. Inklusive byggjeområde F5\_f.pdf

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av Plan- og bygningslova § 11-15 blir byggjeområde F5\_f, del av kommunedelplan for Botnane, med tilhøyrande føresegner, godkjend.

.....

### **26.02.2015 Formannskapet**

#### **FSK-014/15 Vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:**

**I medhald av Plan- og bygningslova § 11-15 blir byggjeområde F5\_f, del av kommunedelplan for Botnane, med tilhøyrande føresegner, godkjend.**

.....

### **12.03.2015 Kommunestyret**

#### **KST-008/15 Vedtak:**

**I medhald av Plan- og bygningslova § 11-15 blir byggjeområde F5\_f, del av kommunedelplan for Botnane, med tilhøyrande føresegner, godkjend.**

.....

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Plan- og bygningslova § 11-15.

### **Bakgrunn for saka:**

Kommunedelplan for Botnane vart godkjend i kommunestyret sak KST-020/14 den 24.04.14, jfr Pbl §§ 11-15 og 11-16, etter at Fylkesmannen hadde trekt motsegna til byggjeområdet for visningsbygg på Nordbotten (F/T2\_f). Planen vart godkjend med unnatak for eit mindre på 1,3 daa; byggjeområde F5\_f, byggjeområde for to hytter på Nordbotten. Fylkesmannen heldt på motsegna til F5\_f, grunna konflikt med naturbeitemark av nasjonal verdi, og byggjeområdet kunne difor ikkje vedtakast med rettsverknad.

### **Saka gjeld:**


Vedtak av tillegg til godkjend kommunedelplan for Botnane; byggjeområde F5\_f. Byggjeområdet er unnateke rettsverknad i vedteken kommunedelplan for Botnane.

### **Saksopplysningar:**

Planutvalet/formannskapet har halde fast ved dei to hyttetomtane i kommunedelplanen, og ville difor prøve om det var mogeleg å få godkjent byggjeområdet hos Departementet. Fylkesmannen tilbød først mekling med kommunen, jfr brev datert 17.09.14, men trekte så motsegna i brev den 09.10.14. Bakgrunnen for at dei trekte motsegna var ei vurdering av kva type saker ein ynskjer å sende til departementet. Det har vore oversendt få motsegnssaker frå Sogn og Fjordane til departementet, og desse har omhandla store byggjeområde/tiltak, av stor prinsipiell karakter. Rundskriv H-2/14 om motsegnssaker, og brev datert 17.02.14 frå statsråd Jan Tore Sanner, understrekar at sakene bør løysast så tidleg som råd i planprosessen, og på lokalt nivå. I brevet blir det og sagt at omsynet til lokaldemokratiet skal vektleggjast sterkare.

### Vurdering/konklusjon:

I sak om vedtak av kommunedelplanen for Botnane, vedtok formannskap og kommunestyre at motsegnssak om F5\_f skulle gå vidare til departementet for endeleg avgjerd. Sidan motsegn til byggjeområdet no er trekt, ligg det til rette for at kommunen sjølv kan gjere vedtak om byggjeområde F5\_f. Byggjeområdet ligg innanfor område med mogeleg skredfare, og det er difor krav til utgreiing av reell skredfare og evt sikring, før tiltak. Det er og plankrav til byggjeområdet, dvs det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for området før det kan gjevast løyve til bygge- og anleggstilltak.



Plandokumentet bør endrast slik at kommunedelplan for Botnane blir èin plan med planomtale/føresegner og èitt plankart.